

# **INNTAKSREGLEMENT FOR TRYGGHEIM STRAND**

Gjeldande frå 1.1.2022

Skulen er open for alle som har rett til inntak i offentleg skule og har heile landet som opptaksområde, jf. friskolelova §3-1.

1. Søknadsfrist til komande skuleår er 1. desember. Søknaden skal sendast elektronisk. Søknadsfristen er ikkje endeleg. Ved ledig kapasitet vil skulen praktisere løpande inntak fram til 1. oktober.
2. Styret fastset skulen sin elevkapasitet for komande skuleår innan søknadsfristen.
3. Dersom søkera er større enn kapasiteten, vil opptak skje etter følgjande prioritering:
  - a. Søkjar har eller har hatt syskjen ved skulen.
  - b. Søkjar er barn av ein av skulen sine tilsette/styremedlemer.
  - c. Andre søkerarar får plass i den rekkefølge dei har søkt. Søknadane vert nummerert i den rekkefølge skulen tek imot søkera.
  - d. Dersom søkerarar prioritert etter a-c fortsatt stiller likt, vil inntak bli avgjort ved loddrekning.
4. Søknadar blir handsama i opptaket til det skuleåret det er søkt om skuleplass for, sjølv om det er søkt i lang tid i forkant. Søknadar etter a-d i punkt 3 vil ikkje kunne fortrengje skuleplassen til dei som allereie er elevar ved skulen.
5. Søknadar som kjem inn etter søknadsfristen 1. desember vert prioritert etter den rekkefølgja dei kjem inn til skulen.
6. For inneverande skuleår vert det ikkje teke inn nye elevar etter 1. oktober.

Elevar som på grunn av flytting uansett må byte skule, vil kunne bli tatt inn som elev uansett tidspunkt, dersom det er ledig kapasitet ved skulen.

7. Vedtaket om inntak, eller avslaget på søknad om inntak, er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova §2. Klage må sendast til skulen innan 3 veker etter at vedtaket er mottatt. Klageinstans er Kunnskapsdepartementet ved Statsforvaltaren i Rogaland. Vedr. klage, sjå friskolelova §3-1 og forvaltningslova kap. VI.

Vedtatt i styret 30.11.2021